

Ref.nr
Saksnr. 200602483
Dato

Endringar i strukturvoteordninga for seitrålarane

1 Innleiing

Fiskeri- og kystdepartementet sendte den 14. mai 2008 på høyring eit forslag om å endre strukturvoteordninga for seitrålarane. Forslaga inneber for det første at kvotetaket for dei reine seitrålarane vert auka, og for det andre at det vert opna for strukturering mellom seitrålarane og torsketrålarane.

Seitrålarane er dei fartøya som har løyve til å fiske med trål etter sei, torsk, hyse og uer i området sør for 65°N, etter forskrift av 13. oktober 2006 nr. 1157 om spesielle løyve til å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskrifta) § 2-14.

I reguleringa av fisket er seitrålarane ei eiga gruppe, og reglane for strukturvoteordningane er utforma slik at struktureringa skal skje innanfor dei einskilde gruppene. Seitrålggruppa er ei lita gruppe, men fartøya har no eit driftsmønster som på mange vis ligg nært opp til torsketrålarane med omsyn til reiskapar, fiskeslag og fangstområde.

Etter departementet sitt syn er det fleire høve som no gjer det naudsynt å sjå nærare på strukturordninga for seitrålggruppa. For det første er det nokre fartøy som allereie har nådd eller nærmar seg kvotetaket, og såleis ikkje har moglegheit for ytterlegare å auke sitt eige driftsgrunnlag innanfor seifisket. For det andre har marknadssituasjonen redusert lønnsemda for dei reine seitrålarane fordi bunkersprisane har auka medan prisen for råstoffet har lege relativt fast. For det tredje er det i større grad enn tidlegare samanfall på eigarsida mellom seitrålarane og torsketrålarane. For det fjerde er det også grunn til å vurdere kor tenleg det er på sikt å oppretthalde to ulike reguleringsgrupper i botntrålfisket etter dei same artane.

Fiskeridirektoratet si undersøking av lønnsemda i fiskeflåten for 2006 syner at fartøya i seitrålggruppa hadde ein gjennomsnittleg driftsmargin på 4,1 prosent, og ein totalkapitalrentabilitet på 3,2 prosent. Det var ei lita forbetring frå 2005 til 2006, men resultata er ikkje gode samanlikna med andre delar av flåten. Gjennomsnittleg eigenkapital for fartøya er i undersøkinga rekna til å vere negativ.

Fangstratane i seifisket peikar også klart i retning av at lønnsemda er for låg, og at flåtegruppa slit økonomisk. Det er samtidig uheldig dersom strukturelle forhold i fiskeflåten medverkar til at vi ikkje maktar å fiske dei fastsette kvotane på sei. Det er i samfunnet si beste interesse at dei marine ressursane kan utnyttast på ein måte som gjev verdiskaping og eksportinntekter.

2 Seitrålggruppa

Fartøygruppa som vi omtalar som seitrålggruppa er dei trålarane som har løyve til å fiske med trål etter sei, torsk, hyse og uer i området sør for 65°N, jf. § 2-14 i forskrift av 13. oktober

2006 nr. 1157 om spesielle tillatingar til å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskrifta). Desse fartøya har berre kvote i fisket etter sei, men kan ha andre fiskeslag som bifangst i fisket etter sei. Seitrålarane vart i si tid skilde ut frå den dåverande nordsjøtrålgruppa.

Det kan ikkje tildelast seitrålkonsesjon for fartøy som har større lasteromsvolum enn 1500 m³.

2.1 Nærare om fartøygruppa

Talet på seitrålløyve har gått ned frå 16 i år 2000 til 10 løyve per 4. februar 2008. Dei 6 konsesjonane som har falle bort dei siste 8 åra, har alle blitt tekne ut gjennom einingskvote- og strukturkvoteordninga for gruppa.

Strukturordninga for seitrålgruppa vart etablert som ei einingskvoteordning i 2001. Kvotetaka er sette slik at det ikkje kan tildelast meir enn 2 kvotefaktorar av sei nord for 62°N og 2,5 kvotefaktorar av sei sør for 62°N, inkludert fartøyets eigen kvote, for fiske med eitt fartøy. Vidare er konsentrasjonsreglane utforma slik at ein eigar ikkje kan eige fartøy som til saman får tildelt meir enn 20 prosent av gruppekvota for seitrålarar for det enkelte fiskeslaget.

Som i dei fleste andre fiskeri, er det også i seitrålgruppa stor dynamikk når det gjeld kva for skrog som vert nytta til å fiske kvotane. Skrog vert selde mellom ulike eigarar, medan andre igjen nyttar same skrog til både torsketrålkonsesjon og seitrålkonsesjon. Sistnemnde tilpassing er mogleg på grunn av ei særskild unntaksordning i reguleringsforskrifta for 2008. Ei oversikt over dei 10 konsesjonane er vist i tabell 1.

Tabell 1: Oversikt over seitrålarane

KonsesjonID	Radiokallesignal	Reg.merke	Fartøynamn	Største lengde	Byggjeår
2001003821	JWRB	M 0047G	Skaregg	53,2 m	1996
2001003638*					
2001003636	LHXV	M 0080G	Nordstar	75,5 m	1969
2001003632	JXOK	M 0088G	Stornes	47,7 m	1987
2001007605	LLKC	M 0259HØ	Nordøytrål	56,8 m	2001
2001003631	LNK	M 0107G	Solskjær	40,42 m	1965
2001003723	JWVC	M 0127G	Valderøy	33,99 m	1985
2001003820	LLIG	M 0185A	Disko	39,99 m	2001
2001003822	JXJU	M 0025G	Langenes	56,0 m	1986
2001003818	LIPZ	SF0091V	Roaldnes	33,95 m	1997

* *Utsiftingsløyve*

Som det går fram av tabellen er det ein fartøymasse i seitrålgruppa som spenner frå vel 30 meter lange båtar til den største båten på 75 meter. Det eldste fartøyet er frå 1965, men er bygd om i nyare tid. Dei nyaste fartøya er frå 2001. Ni av dei ti konsesjonane høyrer no til i Møre og Romsdal, medan den siste er registrert i Sogn og Fjordane.

Nokre av fartøya i tabell 1 er reine seitrålarar, medan andre i realiteten er torsketrålarar som gjennom den nemnde unntaksordninga også er nytta til å fiske på seitrålløyvet.

I grove trekk kan aktørane innafor seitrål delast i to hovudgrupper. Den første gruppa er dei reiarlaga som har spesialisert seg på seitråling, og som ønskjer å utvikle verksemda si i dette segmentet. Den andre gruppa er reiarlag som primært driv innafor torsketråling, men som også har skaffa seg seitrålkonsesjonar dei seinaste åra. Det kan også tenkjast at det er ei tredje gruppe som omfattar reiarar som ikkje har ønskje om eller naudsynt kapital til å fortsetje verksemda innafor seitråling.

2.2 Driftsgrunnlag

Seitrålarane driv hovudsakleg trålfiske etter sei i Nordsjøen og områda nord til 65°N. Fangsten leverer dei for det meste i fryst tilstand og omset den gjennom auksjon i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslags distrikt.

Seitrålarane fiskar i prinsippet på to ulike gruppekvote. Det er ei gruppekvote for fisket nord for 62°N og ei anna for fisket i Nordsjøen og Skagerrak, sør for 62°N. For 2008 er storleiken på desse kvotene 15 650 tonn i nord og 9429 i sør. For eit fartøy med kvotefaktor 1 i begge områda gir dette kvote på 1500 tonn nord for 62°N og 1030 tonn i Nordsjøen og Skagerrak. Desse kvotene er tildelte som maksimalkvoter fordi fisket er overregulert.

I tillegg til seitrålløyve og eventuelle strukturkvoter, er det også vanleg at seitrålarane har vassildtrålkonsesjon og reketrålkonsesjon som supplement til drifta. Det er fire som har begge tilleggskonsesjonane, ein som har vassildtrålkonsesjon og ein som har reketrålkonsesjon.

2.3 Oppsummering av høyringsforslaga

Departementet gjekk i høyringsnotatet inn for følgjande:

- Kvotetaket i seitrållgruppa vert heva frå 2 kvotefaktorar av sei nord for 62°N og 2,5 kvotefaktorar av sei sør for 62°N til 3 kvotefaktorar i begge områda.
- Eigargrensa vert auka til 25% i seitrållgruppa, som ein konsekvens av at kvotetaket vert heva.
- Det vert opna opp for strukturering av seikvotar mellom seitrålarar og torsketrålarar.
- Bifangstavsetninga av torsk og hyse vert liggjande att i seitrållgruppa.

3 Oppsummering av høyringa

Det er mottatt ytringar frå 7 høyringsinstansar, som i varierende grad har kommentert detaljer i høyringsforslaga. Generelt kan det seiast at departementet sitt høyringsforslag har mottatt brei støtte i høyringa.

Alle høyringsinstansane støtter ei auke av kvotefaktorane. Likevel anbefalar Norges Fiskarlag og Innovasjon Norge at kvotetaket vert auka med 1 i begge områda. Dette inneberer at faktortallet bør aukast med faktor 1,00 til faktor 3,50 sør for 62°N og til 3,00 nord for 62°N.

Alle høyringsinstansane støttar innføring av ei høgare eigarskapsavgrensing i seitrållgruppa som ein konsekvens av at kvotetaket vert heva. Likevel anbefalar Norges Fiskarlag og Innovasjon Norge at grensa bør settast til 30%, medan Sparebankforeningen og Finansnæringens Hovedorganisasjon anslår 30-35%.

Alle høyringsinstansane støttar departementet sitt forslag om å opne opp for strukturering av seikvoter mellom seitrålarar og torsketrålarar.

Høyringsinstansane er einige med departementet sitt forslag om at bifangstavsetninga av torsk og hyse vert liggjande att i seitrållgruppa.

I tillegg har Fiskeridirektoratet, Norges Fiskarlag, Innovasjon Norge, Sparebankforeningen, Finansnæringens Hovedorganisasjon anbefalt at den nordlige grensa på 65 grader nord for kvar seitrålarane kan drive fiske, vert oppheva. Norsk Sjømannsforbund har uttrykt bekymring for å oppheve den nordlege grensa, då dette etter deira syn kan utløyse behov for større bifangstkvote.

4 Departementets vurdering

4.1 Kvotetak

Det følger av strukturkvoteforskrifta for havfiskeflåten § 11 at det ikkje kan tildelast meir enn 2 kvotefaktorar av sei nord for 62°N og 2,5 kvotefaktorar av sei sør for 62°N, inkludert fartøyet si eiga kvote, for fiske med ein seitrålar. Dette inneber at ein seitrålar i 2008 maksimalt kan fiske inntil 5 575 tonn sei rund vekt. Med ein stipulert pris per kg omkring 7 kr, blir dei totale fangstinntektene då på i underkant av 40 millionar kr. Det er sjølvsagt ei rekkje usikre faktorar i eit slikt reknestykke, og kostnadane spelar ei stor rolle for lønnsenda til det enkelte fartøyet. Kor vidt ei fangstinntekt på dette nivået er tilstrekkeleg for å oppnå tilfredsstillande lønnsemd, er det uråd å seie noko eintydig om.

Signala frå aktørane i næringa tyder likevel på at det er skalagevinstar i seitrålfisket, og at langsiktig sikkerheit for framtidig drift, og ikkje minst kontrahering av nybygg, krev eit betre driftsgrunnlag og høgare lønnsemd. Ein måte å leggje til rette for dette på, er å heve kvotetaket. Samanlikna med andre grupper i havfiskeflåten, som torsketrål, pelagisk trål og dei konvensjonelle havfiskefartøya, har seitrålarane eit nokså lågt kvotetak, og departementet meiner at dette kan aukast frå nivået i dag. På bakgrunn av høyringssvara frå Norges Fiskarlag og Innovasjon Norge, går departementet inn for at kvotetaket vert auka med faktor 1 i begge områda, til faktor 3,50 sør for 62°N og til 3,00 nord for 62°N. Altså noko høgare enn det departementet foreslo i høyringa, men på linje med det som næringa sjølv har anbefalt med gode grunngevingar i høyringa.

Eit høgare kvotetak kan gje det enkelte fartøyet eit betre driftsgrunnlag, og kan senke kostnadane per eining fanga fisk. For at eit slikt tiltak skal ha effekt, er det ein føresetnad at reiarane finn det rekningssvarande å investere i strukturkvote av sei.

Forskrift om spesielle tillatelser til å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskrifta) § 2-16 slår fast at ein eigar gjennom sine fartøy med seitrålløyve maksimalt kan tildelast inntil 20% av gruppekvote for seitrålarane for det enkelte fiskeslag. På bakgrunn av forslaget om auka kvotetak for det enkelte fartøy, gjer departementet framlegg om at eigargrensa vert auka til 30% i seitrålgruppa. Dette er noko høgare enn det som vert foreslått i høyringa, men ein konsekvens av at departementet etter høyringa går inn for eit høgare kvotetak enn tidlegare.

4.2 Strukturering på tvers av reguleringsgruppene

Det følger av prinsippa for strukturkvoteordninga at struktureringa skal skje innanfor dei etablerte fartøygruppene. Med dagens regelverk er det altså ikkje mogleg for seitrål å strukturere mot torsketrål, eller andre vegen. Driftsmessig er det ikkje særleg store skilnader mellom desse fartøygruppene, korkje med omsyn til fartøytype, fangstområde (bortsett frå seitrålarane si nordlege grense ved 65°N) eller fiskeslag. Gruppeskilnaden har først og fremst ei historisk forklaring, og går tilbake til då seitrålarane i si tid vart skilde ut frå nordsjøtrålgruppa.

Departementet meiner at det stadig er behov for ei mindre gruppe spesialiserte trålarar som kan fiske sei på ein effektiv måte, og samstundes ta vare på norske interesser i seifisket i Nordsjøen. Konsekvensen av dette er at det ikkje er naudsynt å oppretthalde ei sjølvstendig struktur- og reguleringsgruppe for seitrålarane. I denne vurderinga må det også telje med om gruppa har økonomiske føresetnader for å overleve over tid. Omsynet til sjølve reguleringsgruppa bør såleis ikkje vere styrande.

På denne bakgrunn gjekk departementet inn for å opne opp for at seitrålkvoter skal kunne strukturast mot fartøy med torsketrålkonsesjon. Ei slik løysing inneber ikkje at reguleringsgruppene vert slegne saman, og fekk støtte i høyringsrunden.

I praksis inneber dette at kvotane frå ein seitrålkonsesjon kan overførast til ein torsketrålar som strukturkvote. Desse kvotane vil i så fall vere eit vanleg strukturkvotetillegg i fisket etter sei for fartøyet som mottek kvoten, og kome i tillegg til den seikvoten som torsketrålarane har frå før. I tråd med dei etablerte prinsippa for strukturkvoteordninga kan også fleire torsketrålarar dele på strukturkvotene frå seitrålarane. Til dømes kan ein torsketrålar overta seikvota nord for 62°N og ein annan torsketrålar overta seikvota i Nordsjøen.

Forslaget inneber at begge kvotekomponentane i seitrålkonsesjon kan overførast til fartøy i torsketrålargruppa som strukturkvote. Storleiken på strukturkvotetillegget vil i desse tilfella verte fastsett ut frå kvotefaktoren til den uttekne seitrålarane, og ikkje ha nokon samanheng med torsketrålarane si seikvote.

Departementet går inn for at ein torsketrålar maksimalt kan ha inntil 2 kvotefaktorar i fisket etter sei i Nordsjøen og 2 kvotefaktorar i fisket etter sei nord for 62°N som strukturkvotetillegg frå gruppekvote i seitrålargruppa. Strukturkvotene av sei frå seitrålargruppa kjem i tillegg til dei seikvotene som vert tildelt i medhald av torsketrålkonsesjonen, anten som grunnkvote eller strukturkvote.

Fartøygruppa med seitrålløyve kan i fisket etter sei nord for 62°N no fiske og lande inntil 750 tonn torsk og 750 tonn hyse som bifangst. Eit fartøy med seitrålløyve kan ved kvar enkelt landing til saman ha ei innblanding av inntil 15 prosent torsk og hyse rekna i rund vekt av landa fangst, slik desse bifangstreglane er no i 2008. Dette i motsetning til torsketrålarane sin bifangst av torsk og hyse i fisket etter sei, som i dag blir rekna med i fartøya si ordinære kvote av desse fiskeslaga.

Departementet gjekk i høyringsnotatet inn for at det ikkje vart gjort endringar i dagens system med omsyn til bifangstavsetninga for seitrålarane, og at torsketrålarar med seitrålkvote som strukturtillegg må dekkje opp bifangsten innanfor eigne kvoter av torsk og hyse. Dette fekk støtte i høyringsrunden.

Forslaget om å opne for strukturering mellom seitrål og torsketrål inneber også at ein seitrålar kan overta seikvotene frå ein torsketrålar som eit strukturkvotetillegg. Dette fekk også støtte i høyringsrunden. Eit slikt prosjekt er avhengig av at ein annan torsketrålar overtek kvotene av torsk og hyse frå det fartøyet som skal takast ut av fiske. Departementet går inn for at ein seitrålar maksimalt kan ha inntil 2 kvotefaktorar i fisket etter sei nord for 62°N som strukturkvotetillegg frå gruppekvote i torsketrålargruppa. Desse seikvotene kjem i tillegg til dei seikvotene som vert tildelt i medhald av seitrålkonsesjonen, anten som grunnkvote eller strukturkvote. I torsketrålargruppa vert det ikkje tildelt strukturkvotar for sei i Nordsjøen, og departementet vil vidareføre dette også når det vert opna for strukturering mellom torsketrål og seitrål. Ein seitrålar skal derfor ikkje kunne tildelast strukturkvote av sei i Nordsjøen frå torsketrålarane si gruppekvote.

4.3 Geografisk verkeområde

Seitrålarane har i dag ei nordleg grense på 65°N for sitt fiske. Denne grensa heng igjen frå den tida då seitrålarane var ein del av nordsjøtrålargruppa. Den nordlege grensa var sett for å hindre industritråling med småmaska trål på felte nordover, særleg med omsyn til innblanding og bifangstproblematikk. I dag inneber grensa at seitrålarane, som no fiskar med stormaska trål, til somme tider av året, vert stansa i å utnytte gode førekomstar av storsei lenger nord, og i staden må drive eit mindre effektivt fiske lenger sør på dårlegare førekomstar av mindre sei.

Spørsmålet om kva slags geografisk verkeområde som skal gjelde for seitrålarane var omtalt, men ikkje handsama direkte i høyringsnotatet. Høyringsinstansane har likevel uttalt seg om saka. Langt på veg dei fleste går inn for at den nordlege grensa blir oppheva.

Fiskeri- og kystdepartementet har bede Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet om ei vurdering av verkeområdet for seitrålarane, og begge desse stiller seg positive til å endre grensa. Seien i nord er større enn seien i sør, og ei slik endring vil truleg vere gunstig for fangstsamansetninga og fangstratane til fartøya. Eventuell innblanding av andre fiskeslag i fangstane må i alle høve vere innanfor dei fastsette bifangstavsetningane.

På denne bakgrunn går departementet inn for at den nordlege konsesjionsgrensa vert oppheva.

5 Konsekvensar av forslaga

Forslaget om å auke kvotetaket for seitrålarane og forslaget om å opne for strukturering mellom seitrålgruppa og torsketrålgruppa vil medføre at høvet for seitrålarane til å strukturere aukar samanlikna med situasjonen i dag. Dette vil medverke til å betre flåten sitt grunnlag for lønnsam drift, og legg på sikt til rette for fornying og auka konkurransekraft. Forslaget vil også medføre at nokre torsketrålarar får høve til å satse sterkare på seifisket, og vil såleis kunne gjere at vi i større grad utnyttar dei nasjonale kvotene på sei. Forslaga vil truleg føre til at talet på seitrålarar går ned. Det er i alle høve relativt få aktørar som vert påverka.

For forvaltninga vil forslaga ikkje føre til nokon endringar i ressursbruken.

Fartøya med seitrålkonsesjon er registrerte på Nord- Vestlandet, og 9 av 10 er heimehøyrande i Møre og Romsdal. Det er vanskeleg å sjå at forslaga som er presenterte i dette høyringsnotatet vil ha nokon distriktsmessig konsekvensar av særleg omfang.

Departementet foreslår at endringane skal gjelde straks.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

Forskrift om endring av forskrift 4. mars 2005 nr. 193 om strukturkvoteordning mv. for havfiskeflåten og forskrift 13. oktober 2006 nr. 1157 om spesielle tillatelser til å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskriften) vert fastsett i samsvar med vedlagte forslag.

Forskrift om endring av forskrift 4. mars 2005 nr. 193 om strukturkvoteordning mv. for havfiskeflåten og forskrift 13. oktober 2006 nr. 1157 om spesielle tillatelser til å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskriften)

Hjemmel: Fastsatt ved kongelig resolusjon 2008 med hjemmel i lov 3. juni 1983 nr 40 om saltvannsfiske mv § 5a og lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven) § 12 andre og tredje ledd, § 14, § 18 andre ledd jf § 11 andre ledd bokstav a og § 30. Fremmet av Fiskeri- og kystdepartementet.

I

I forskrift 4. mars 2005 nr. 193 om strukturkvoteordning mv. for havfiskeflåten gjøres følgende endringer:

§ 8 nytt femte ledd skal lyde:

Fartøy med torsketråltillatelse kan tildeles strukturkvote av sei på grunnlag av uttak av fartøy fra seitrålggruppen uten hinder av kravet i § 5 første ledd om at fartøyene må tilhøre samme fartøygruppe. Det kan tildeles inntil 2 seitrål-kvotefaktorer av sei nord for 62°N og inntil 2 seitrål-kvotefaktorer av sei sør for 62°N som slik strukturkvote, uavhengig av fartøyets samlede kvotefaktorer i torsketrålggruppen.

§ 11 skal lyde:

Det kan ikke tildeles mer enn 3 kvotefaktorer av sei nord for 62° N og 3,5 kvotefaktorer av sei sør for 62° N, inkludert fartøyets egen kvote, for fiske med ett fartøy.

Fartøy med seitrålkonsesjon kan tildeles strukturkvote av sei på grunnlag av uttak av fartøy fra torsketrålggruppen uten hinder av kravet i § 5 første ledd om at fartøyene må tilhøre samme fartøygruppe. Det kan tildeles inntil 2 torsketrål-kvotefaktorer av sei nord for 62°N som slik strukturkvote, uavhengig av fartøyets samlede kvotefaktor i seitrålggruppen.

II

I forskrift 13. oktober 2006 nr. 1157 om spesielle tillatelser til å drive enkelte former for fiske og fangst (konsesjonsforskriften) gjøres følgende endringer:

§ 2-14 annet ledd skal lyde:

Seitråltillatelse gir adgang til å drive fiske med trål etter sei, torsk, hyse og uer.

§ 2-16 første ledd skal lyde:

En eier kan ikke inneha seitråltillatelse for flere fartøy enn det antall fartøy som til sammen vil bli tildelt inntil 30% av gruppekvoten for seitrålere for det enkelte fiskeslag.

III

Ikraftsetting

Endringene trer i kraft straks.